

Nei til Vindkraftverk på Haramsøy

# Klage på godkjenning av endring av MTA-plan for Haram Vindkraftverk

v/ styret



## 1. Bakgrunn og generelt om konsesjonen

Vi viser til vedtak 18. september 2020 der NVE godkjenner justering av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan). Nei til vindkraftverk på Haramsøy ved styret klager med dette på vedtaket.

Klagen går spesifikt på godkjenning av endring av detalj- MTA-plan etter søknad 6. mai 2020 frå Haram Kraft AS.

Vi vil likevel gjøre merknader om at denne konsesjonen:

- lir av mange og alvorlege feil som gjer konsesjonen ugyldig. Etter Stortingets vedtak skal utbygginga da stansast.
- er kravd omgjort. OED har i pressemelding 7. oktober 2020 gitt melding om at gjennomgangen er helt i sluttfasen.
- er teken til retten med krav om at konsesjonen er ugyldig.

Vi meiner også at konsesjonsvedtaket, detaljplanen og MTA-planen, samt vedtak om statleg plan, kviler på mangelfullt og utdatert kunnskapsgrunnlag. Blant anna vises det til at:

- verken konsekvensutredninga eller tilleggsutredninga vurderer konsekvensane av den utbyggingsløsninga det blei gitt konsesjon på.
- vindressursane vart ikkje tilstrekkeleg utgreidd før konsesjon blei gitt.
- store arealinngrep knytt til masseuttak og vegbygging samt fare for ras vart ikkje utgreidd.
- konflikt med verneområde og internasjonale konvensjonar var ikkje svart ut og teke inn i vurderingane.
- arealdisponeringa og -ingrepa er ikkje utgreidd med tanke på klimaavtrykk og ny kunnskap om karbonbinding i terrengekkande myr, og dei verna naturtypane oppe på fjellet.

Sjølv om det no er planlagt færre turbinar enn i konsesjonsgitt løysning, er omfanget av naturinngrepa om lag de same. Større konstruksjonar gjer at anleggsvagar og oppstillingsplassar krev større areal, og lengre og lavtsveipande rotorblad gjer større sveipeareal per turbin. Samtidig er energiproduksjonen halvert samanlikna med konsesjonsgitt løysning. Vilkåra for konsesjonen er ikkje lenger til stades og konsesjonen må trekkast tilbake.

## 2.Høyring og sakshandsaming

Vi påpeker at opplysningane om støy i søknad om endring av detalj- og MTA-plan var begrensa. Støyrapporten var ikkje vedlagt og måtte etterlystast av Nei til vindkraftverk på Haramsøy. Støyrapporten blei ikkje sendt ut før 19. mai 2020..

Det er eit gjennomgåande trekk at søknader og førespurnadar frå utbygger til NVE og /eller OED blir hastebehandla til fordel for utbygger, i motsetning til førespurnadar frå Ålesund kommune og Nei til Vindkraftverk på Haramsøy der NVE og OED unnlæt å svare.

## 3 Vurdering av endra utbyggingsløysning

I søknad 6. mai 2020 om endra MTA- og detaljplan har Haram Kraft endra plassering for turbinpunkt 1, 2, 3, 4, 5 og 8. Det er i søknaden gjort greie for kva slags konsekvensar endringane medfører. NVE har i vedtak 18. september 2020 godkjent endringane.

Nei til vindkraftverk på Haramsøy klager på NVE sitt vedtak. Vi meiner at NVE har vurdert og konkludert uriktig når det gjelder vindkraftverkets konsekvensar av endra detaljplan og MTA-plan. I det følgjande kommentererast klagepunktene enkeltvis i tråd med disposisjonen i NVE sitt vedtak.

### 3.1 Støy

Nei til vindkraftverk på Haramsøy viser til at konsesjonsgitt løysing ikkje blei utgreia før konsesjon blei gitt i 2008. Konsekvensutgreiling og tilleggsutgreiling er basert på turbinar på 2-3 MW, med mastehøgde på 70-90 meter og rotordiameter på 80 til 95 meter, mens det i konsesjonen er gitt løyve til å bygge turbinar på 4,5 MW og med rotordiameter 112 til 120 meter. Støyulempene blei altså ikkje tilstrekkeleg kartlagt og vurdert i konsesjonshandsaminga. Vi meiner at dette medfører at konsesjonen er gitt på feil grunnlag og dermed er ugyldig.

Heile poenget med støyvurderingar og støysonekart er å planleggje seg vekk frå støyplager i arealforvaltinga. Her opplever vi at NVE gjer det motsette ved å utsette utgreiinga av støyulempene til etter at konsesjon er gitt og utbygginga er i gang. Det gjer det vanskelegare for kommune og lokalsamfunn til å sikre at bustadar og lokalbefolkning ikkje blir utsett for støy over tillat grense. Dersom det i etterkant blir avdekka at støyulempene er større enn berekna, vil konsekvensane for vindkraftanlegget vere avgrensa til avbøtande tiltak eller kompensasjon. Dette er ikkje tilfredsstillande for dei som blir utsett for støy og som i ytste konsekvens må flytte frå bustaden sin.

Når det gjeld støyutgreiinga som ligg til grunn for vedtak om endring av detalj- og MTA-plan, så held Nei til Vindkraftverk på Haramsøy fast på kravet om at nye støyvurderingar må gjerast ut frå lokale forhold. Vi er ueinige i at det som Haram Kraft har levert er i tråd med gjeldande rettleiar og meiner at usikkerheit på grunn av temperatur, feil parameter for markabsorbasjon ved bygningar, fare for turbulens og unaturleg amplitudemodulasjon må leggast til dei framlagde berekningane for at det skal vere ei reell «worst case»-analyse. Vidare må Haram Kraft sine tilleggskommentarar for usikkerheit må summerast og ikkje vurderast enkeltvis og det må leggast til 3 dBA i støyrapporten for at denne skal vere ei reell «worst case»-analyse. Realiteten er at 30 – 50 hus kjem over støygrensa i vilkåra for konsesjonen.

Det er NORD 2000-modellen som er brukt til å berekne støypåverknad frå vindkraftanlegget. Det er ei rekke føresetnader for modellen som det ikkje er tatt tilstrekkeleg høgde for på Haramsfjellet. I Danmark har ein til dømes testa det faktiske støynivået i forhold til det utrekna støynivået over ei flat grasslette i opptil 1500 m avstand. Teoretisk berekna støynivå har en usikkerheit på  $\pm 2,1$  dB over flatt terren samanlikna med faktisk støypåverknad – dette kan innebere ein dobling av støyen. Det er grunn til å hevde at topografién på Haramsøya gjer at modellen har store svakheiter. I lys av usikkerheit ved støyberekningsmodellen bør det leggjast til 2-3 dBA for å være trygg på at konsesjonsvilkår 18 blir overheldt.

**Vi held fast på kravet om at det skal stillast strenge krav til støypåverknad (Lden 40 dBA) på Ulla og Haram.** Dette på grunn av området sine kvalitetar og bruk som rekreasjonsområde, samt at areala er små. Ved å stille strengare krav til støynivå, blir omsynet til lokalsamfunn og friluftsliv betre ivaretatt. Arealplanlegging handlar om å tenkje framover og sikre at Nordøyane og Haramsøya beheld sin verdi som eit verdifullt rekreasjonsområde.

**Vi meiner at støynivået kan bli høgare enn berekna på grunn av lavtsveipande turbinar.** Utbyggjar har valt ein «medium wind site turbin» med lange vingar og lågt tårn. Dette gir ei bakkeklaring på berre 14 meter.<sup>1</sup> Så vidt vi kjenner til er det ikkje bygt vindkraftverk med så lite bakkeklaring i Norge. Ein har dermed ikkje erfaring for korleis dette kan påverke støynivå med turbulens og ujamn vindstyrke over vindturbinblaða.


I Haram Kraft sin presentasjon frå 2012 syner ekstreme vindforhold, problem med turbulens og avløyste strømmingar (ujamn vind) på Haramsfjellet. Dette står i direkte motstrid til det Haram Kraft seier i sine kommentarar til Ålesund kommunens krav om ny støyrapport der det er uttalt at turbulensnivået er generelt lågt på Haramsfjellet, jf. vedlegg 1 til godkjenning av justert detalj- og MTA-plan side 9. Nei til vindkraftverk på Haramsøy gjer derfor gjeldande at Haram Kraft ikkje har teke tilstrekkeleg høgde for auka støy som følgje av lågtsveipande turbinar i kombinasjon med turbulens.

---

<sup>1</sup> Vedlegg 1.Tabell over bakkeklaring

## Vindanalyse

- Langtidskorrigert middelvind i mastepunkt - 8,8 m/s
- Estremvind 50 år/10 min i mastepunkt – 53 m/s
  - Over grensen for IEC 1a
- Høyeste beregnede ekstremvind i vindparkområdet er 63 m/s
- Ingen turbinleverandører ønsker p.t å levere turbiner til områder med høyest ekstremvind
- Situasjonen kan bedres noe ved at kvaliteten på måledata forebedres gjennom ytterligere 1 år med målinger
- I tillegg er det utfordringer knyttet til turbulens og avløste strømninger



**Det må tas høgde for at unaturleg amplitudemodulasjon vil gi auka støy.** Den tekniske utviklinga av vindkraftverk på 2000-talet har resultert i betydelig større turbiner. Når vindturbinane blir større, aukar den aerodynamiske støyen og den kan bli meir lågfrekvent. Det er nær samanheng mellom vindkraftstøy og meteorologi.

Det er spesielle klimatiske forhold på Haramsfjellet som syner seg ved at det ofte ligg ein skydott ned på fjellkammen. Det betyr at det er lågere temperatur nede ved overflata på fjellet enn lengre oppe i lufta. Det vil seie at turbinane ofte vil sveipe ned i skoddedotten og over i klar luft. Det vil gi både ulik motstand og spesiell utbreiing av lyden. Det er dermed fare for at det vil vere ulikt trykk, temperatur og vindhastighet mellom vengetuppen sitt øvste og nedste punkt i rotasjonen. Dette kan føre til vesentleg auka støyverknader, jf. T -1442 s.199, 7.8.1.

**Vi godtek ikkje støyoptimalisert modus saman med emmisjonsmåling som garanti for at vilkåret om støy blir oppfylt av konsesjonær.** Effekt av støyoptimalisering vil avhenge av lokaliteten i fylge turbinleverandøren Vestas. Kilstestøyen oppgitt for PO1 er 103.9 dB(A), for SO1 er den 102.0 dB(A) og for SO2 er den 99.5 dB(A) er dermed ikkje ein fasit.<sup>2</sup> Optimalisering opp mot vinden, forma på vindturbinbladet og taggete kant skal gi støyreduksjonen. Å optimalisere i ujamne vindforhold vil vere svært vanskeleg. I brosjyra for turbinplattform VESTAS 4 MW er det gjort greie for at effekten av ei støyoptimalisering på 0,8 - 2,7 dBA støyreduksjon på turbin i vind med 3 - 8,5 m/s. Med andre ord er dette ein glidande skala og gjer ingen garanti for at støyoptimaliseringa vil gi full effekt på Haramsfjellet med dei krevjande vindforholda der.

<sup>2</sup>



Støyoptimalisert drift bør derfor ikkje kunne leggast til grunn for godkjenning av oppfylling av konsesjonsvilkåret.

Det er heller ikkje gjort greie for varigheita til teknologien som skal gi redusert støy. Dette er det krav til i rettleiar T 1442 punkt 7.8.6. Støyen vil auke i takt med slitasje på turbinane og det må stilles krav til vedlikehald eller utskifting av teknologien for å sikre at funksjonane for støyoptimalisert modus verker i heile konsesjonstida.

Støyen må utgreiaast ved bustadene, og ikkje ved turbinane. Høyrbarheita av tonar er påverka av korleis lyden spreier seg i atmosfæren. Lyden kan bli dempa, men like gjerne forsterka. Når vindkraftverket først står der er det lite å gjere med støypåverknaden. I vårt innspel i mai peika vi på dei lokale forholda som vi meiner kan gi auka støyplager i dette prosjektet og som det burde takast høgde for i «worst case»-analysen.

No er arbeidet i gang på anlegget og vi opplever støy frå anlegget som eit kontinuerleg bulder som høyrest godt innomhus og vekkjer folk som bor på Flem og Longva. Dette er eit alvorleg varsel om plagene vindkraftverket kan påføre lokalsamfunnet i dette svært opne landskapet, der det er høg luftfuktigkeit og store vassflater som fører lyden over store avstandar.

Vi meiner det er grunn til å tru at unaturleg amplitudemodulasjon vil kunne bli eit problem i dette kystlandskapet.

I svenske retningslinjer for vindturbinstøy fann vi følgjande opplysningar om unaturleg amplitudemodulasjon:

- støyen aukar i alle frekvensar
- støyen er umogleg å måle, det finst ikkje målemetodar
- støyen er avhengig av vindforholda, meteorologiske forhold og turbinutforming
- støyen kan høyrast på lang avstand som ein dunkande lyd og ikkje svisjelyd slik ein høyrer det i nærleiken av anlegget.
- støyen oppstår når turbinblada skjer gjennom ulike luftlag og vinkelen på turbinbladet ikkje er optimal.
- det oppstår turbulens rundt turbinblada som reduserer energiproduksjonen og aukar støyen.

- støyen meir forstyrrende enn vanlig lyd
- støyen oppstår oftare om kveld og natt
- lyden kan bli dempa i atmosfæra, men like gjerne forsterka.
- støy bør derfor utgreiaast ved bustader og ikkje ved vindkraftverket

NVE har som statlig forvaltningorgan den same plikta som kommunen til å handle i tråd med prinsippa om forebyggande helsevern.

Emmisjonsmåling gjort ved turbinen vil berre måle kildestøyen og ikkje illustrere realiteten ved mottakar på strandflaten i eit komplisert terren. Det vil berre måle kildestøy frå ein turbin og vil ikkje kunne fange opp sumverknader av støyutbreiinga frå fleire turbinar, interferens og støy skapt av meteorologiske forhold som kan forsterke lyden.

## 3.2 Skuggekast

Skuggekastvurdering for ny turbinplassering er så vidt vi veit ikkje framlagt for huseigarane på Ulla. Vi etterspør ein skuggekastrappoart frå utbygger. Endringa av detalj- og MTA-plan kan ikkje godkjennast utan at råka parter er gjort kjende med konsekvensane. Krava til avgrensing av skuggekast er berre knytt til hus, men dei faktiske forholda og belastninga vil vere knytt til heile området, ved naust på strand og på sjøen. Rekreasjonsområdet og bustadområda er samanfallande på denne staden. Kvar skal folk slepe unna ulempene som vindkraftverket medfører seg etter ei utbygging?

Anten ein sit i stova, er ute ved huset, på stranda eller padlar kajakk langs land, er oppe på fjellet eller på sjøen vil skuggekastet vere der. Dette gjer at folk blir belasta med skuggekast langt ut over grensene sett i forskrifa. Skuggekast vil sjølv med automatisk avstenging vere ein ulempe for folk og det vil vere ein av fleire faktorar ved vindkraftverket som vil redusere bolyst og eigedomsviar på Haramsøy. er.

## 3.3 Iskast

Nei til vindkraftverk på Haramsøy meiner det skal vere nulltoleranse for fare for iskast mot fylkesvegen i Håvika. Vegen er smal og svingete, og fare for iskast vil utgjere ein betydeleg sikkerhetsrisiko. Det er heller ikkje omkjøyringsmuligheter dersom vegen blir stengt..

I periodar med kaldt ver og fare for ising vil fjellet i praksis vere stengt for folk. Dette vil vere eit stort tap for lokalbefolkinga som har fjellet som sitt næreste og tilnærma einaste friluftsområde. Nei til vindkraftverk på Haramsøy krev derfor at produksjonen stansast på kalde dagar med fare for iskast. Det er ikkje tilstrekkeleg med skilt som varslar fare, ettersom vegen forbi turbin nr. 3 og nr. 8 er den einaste vegen ut mot Hestevollane og Nova. I periodar med mykje iskast vil også turmålet Ullahornet vere utsatt.

Det er klart at vindkraftverket på Haramsøy er katastrofal for øya sine svært viktige rekreasjonsområde Haramsfjellet med fleire kjente turmål som Mannen, Ullahornet, Hestevollane og naturreservatet, og kan dermed ikkje nyttast i heile den kalde årstida fra oktober til april. Et vakkert og vanligvis tilgjengelig rekreasjonsområde blir dermed utilgjengelig for folk som til vanlig verdsetter dette området høgt til friluftsliv, dette er et ran av nærvær og folkehelse på Haramsøy. Det kan aldri godtas. Skilting vil kun understreke det overgrep som denne konsesjonen inneber for rik natur og befolkning på ei lita øy.

## 3.4 Naturmangfald

Vurdering av naturmangfald har vore oppstykka og därleg i heile konsesjonsprosessen. Forundersøkingar og fagrapportar har hatt til dels svært därleg kvalitet og har ikkje på nokon måte vore i tråd med det vi hadde forventa av ein seriøs og sakleg prosess. Habitatsforringing for fugl og anna liv har ikkje vore vurdert. Det har heller ikkje forhold rundt internasjonale avtaler som, Bern Konvensjonen, om vern av særdeles verdifulle områder for fugl og fugletrekk..

Terrengeinngrepa blir store og vil endre heile grunnforholda i fjellet. Områda består blant anna av verdifulle naturtypar som kystlynghei og kystmyr. Det er flytta på nokre turbinar for å prøve å ta omsyn, men det endrar ikkje på faktumet at denne utbygginga vil vere svært negativ for det biologiske mangfaldet på Haramsøya og Nordøyane. Ein ser av tidlegare inngrep at det går fleire tiår før vegetasjon er tilbake. Sårfleta kan gi grobotn for heilt andre arter enn dei som var der frå før. Det er derfor nødvendig at faktiske observerte sårbare og trua artar på øya blir bevart. Det vil seie at det ikkje er tilstrekkeleg for å sikre førekomensten av purpurmarihand at Haram Kraft skal «*ivareta arten i området så langt det lar seg gjøre*». Det må settast som vilkår at utbyggjar skal lokalisere førekomensten og sikre at denne ikkje blir råka av utbygginga.

Grunnarbeida vil kunne endre vekstforholda og leveområda til insekt og fuglar. Vi vil særleg peike på risikoen for habitatforringing for songlerke. Det er særleg mange songlerker som hekker på Haramsfjellet. Den 30. juli 2020 talte vi 25 songlerker på ein gong ved turbinpunkt 1 og same dag talte vi 12 stykk ved turbinpunkt 7 og i myra mellom turbin 5 og 6 såg vi også mange songlerker. Same veka var vi på tur på fjellet på Lespsøya, men der var ikkje på langt nær så mykje fugl. Dei åtte turbinane vil truleg fortrenge og forringe habitatet på Haramsfjellet på ein måte som vil redusere den raudlista sanglerkebestanden vesentleg.

Til sist vil vi påpeke at ein kan ikkje definere trekkfuglar som lokale bestandar. Arealendring er den støste trusselen mot biologisk mangfald. Habitat der det er vellukka hekking er ekstra viktige for utvikling av fuglebestandar. Norge må ta ansvar om å unngå negative arealendringar og gjere vårt til å snu trenden med kraftig nedgang i bestandar av fugl

## 3.5 Justering av turbin 1

Turbinpunkt 1 er no er flytta 102 meter mot sørøst for å auke avstanden til fuglereservatet. På denne bakgrunn har NVE justert vilkåret om restriksjonar i anleggsarbeidet sånn at turbin nr. 1 kan monterast frå 1. juli. Nei til vindkraftverk på Haramsøy krev at restriksjonane i anleggsarbeidet gjeld alt arbeid gjennom heile hekkesesongen, altså fram til 31. juli. Sjølv om turbinmonteringa seiast å vere lite støyande, vil endringar i aktiviteten så nært fuglereservatet vere forstyrrende for hekkande par. Det bør også vere tilstrekkeleg tid til å montera turbinen etter 31. juli, ettersom monteringa uansett ikkje tar meir enn tre dagar.

Det må også stillast krav til at behov for sprenging i områda mellom turbinpunkt 1 og 2, og på turbinpunkt 1 må avklarast med NVE i det enkelte høve. Gjeldande vilkår om at sprenging «skal unngås så langt det er mulig» er ikkje tilstrekkeleg for å ivareta omsyna til fuglereservatet.

## 3.6 Lysmerking

**Vi støtter NVE sin vurdering om at raude blinkande lys er meir forstyrrande enn lys som ikkje blinker.**


Haram Kraft refererer til at lysmerking har vore oppe på folkemøter. Det har imidlertid ikkje vore halde folkemøter sidan 2005 og då var ikkje lysmerking avklart. I 2019, då Haram Kraft presenterte MTA-planen for kommunestyret i Haram, ble det gitt uttrykk for at ein kunne unngå lysmerking for 150

m høge turbiner fordi tårna skulle gravast ned, noko som synte seg å vere feil. Seinare, i mai 2020, då vi kontakta utbyggar per e-post med spørsmål om lysmerking, men fekk ikkje svar.

Lysmerking vil forverre det openberre forstyrrande elementet i landskapet spesielt i den mørke årstida spesielt for Ulla, Ytste Haram, Flemsøy og Lepsøy. Det er korte avstander mellom øyer som vil gjøre lysmerking på kveld og natt svært framtredende.

### 3.7 Massetak ved turbin 7

Det er vanskeleg å sjå konturar, snitt og mål for masseuttaket. Vidare er heller ikkje rigglassen teken med i illustrasjonen. Dette går att i mange illustrasjonar som er presentert i denne saka. Teikningane er alt for små til å gi eit realistisk inntrykk av dei faktiske forholda.



**Figur 7** viser 3D modell av massetak med skjæring (jf. areal skravert med røde streker i figur 6). Om skjæringen tones ned, vil massetaket etter arrondering og istandsetting være bedre tilpasset landskapet.

Det er stadig argumentert frå utbygger si side at arealinngrepa skal minimerast. I planen som var godkjent 24. mars 2020 var detaljane enno ikkje definert og det meste var "løpende". Vindkraftutbyggingar inneber store arealinngrep. Det er betenkleg at det gis løyve til store arealinngrep sendringar etter godkjenning av MTA-plan. Det svekker tilliten til sakshandsaminga og dei vedtaka som blir fatta.

Det kan godt vere at det er estetiske grunnar til å ta bort meir av kollen, men det må påpeikast at at terrenгинngrepa aldri har vore konsekvensutgreia.

Det er antakeleg dårlig fjell ved turinpunkt 7, slik at det må byggast gravitasjonsfundament. I så fall vil dette råke grunnen mykje djupare enn avskjeringsgrøfta («takrennkanalen») og veggrøfta langs det dyrka området. Ved et havari kan hydrokarboner sige i grunnen under grøfter og veg, og ned i grunnvatnet gjennom sprekkar i fjellet. Det er tøffe vindforhold på Haramsfjellet og turbinane har svært

låg sveipehøgde, noko som vil gi store belastningar på turbinane med ujamn vindstyrke oppe og nede i sveipearealet. Etter vår meining er risikoen for havari og dermed forureining ikkje neglisjerbar i dette området..

### **3.8 TV-signaler**

Her må Haram Kraft AS bere alle kostnader med å sikre TV-signala.

### **3.12 Arealbruksgrense**

Et visst rom for tilpasningar ved videre detaljprosjektering kan oversettast med fritt leide til å rasere ytterligare delar av natur i relasjon til veg/tilkomst i ei utstrekning som saknar sidestykke i norsk historie. Dette har store konsekvensar for leveområda til fugl og verna naturtypar, og burde utløyst ny høyringsrunde.

### **3.13 Naturfare**

Rasfare mot fylkesveg på nordsida av øya i anleggsfase og driftsfase er ikkje svart ut av NVE. Vi meiner rasfaren mot fylkesvegen og at dette burde undersøkast nærmare.

### **3.14 Drikkevatn**

Tilsigsområdet i STIM-rapporten er feil definert. Faren for forureining av vatn og miljø oppe på fjellet er knytt til anleggsperioden og driftsperioden. Turbinhavari skjer der det er ekstreme vindforhold som på Haramsøy. Djupe sprekker og fare for forureining av grunnvatn i anleggsfase og driftfasar er ikkje nemnt eller svart ut av NVE sjølv om vi har levert inn dokumentasjon og teke opp spørsmålet og dette står beskrive i MTA-planen.

Mikrofragment frå epoxy i vingane vil over 30 år spre seg i heile miljøet oppe på fjellet og bli ført med overflatevatn mot drikkevasskjelder i tillegg til å belaste alt liv oppe på fjellplatået. Desse problema vert ikkje avhjelpt ved grunne eksisterande jordbruksgrøfter. Desse berre drenerer vatnet på ein annan stad i miljøet.

Utbygger seier at forureining og uhell skal handterast med oppsugingsmateriale og tiltak. Det vi ser i praksis er at det ligg ein liten sekk med bark for ver og vind oppå enkeltvegga dieseltankar med 3000 l innhald og utan kontrollstempel etter 2014.

## **4. Samanfatning**

**I tråd med vårt krav om omgjering av konsesjonsvedtaket gjer Nei til vindkraftverk på Haramsøy gjeldande at konsesjonen for vindkraftverk på Haramsøy er ugyldig og utbygginga må stansast.**

**I alle høve kan ikkje endringane i MTA-planen godkjennast. Det er nødvendig med ytterlegare utgreiingar i samband med det ovannemnde. Nei til vindkraftverk på Haramsøy krev at vedtaket gis utsett iverksetting til OED har behandla klaga.**

**OED godkjende byggjestart i mars 2020 trass i mange uavklarte forhold:**

1. MTA plan ikkje ferdigstilt,
2. Manglande avklaring av ilandføring på Håneset
3. Privatrettslege tvistar som ikkje er løyst, for eksempel kaia på Haneset
4. Ilandføring av kabel frå Alvestad utan avklaring av ilandføring på Håneset
5. Godkjenning av byggjestart trass i vedtak i Stortinget 19 juni 2020 om gjennomgang av konsesjonen på Haramsøy
6. Igangsetjing av byggjearbeidet sjølv om Nei til vindkraftverk på Haramsøy hadde meldt frå om rettsak
7. Medan vi no sit og skriv klage på endring av MTA-plan, driv anleggsmaskiner i full fart og raserer den kjære naturen vår med hjelp frå Zephyr, NVE, OED. Korleis kan vi ha tillit til ein slik konsesjonsprosess ?

Det er svært provoserande at olje- og energiministeren godkjende byggjestart i mars 2020 på manglande grunnlag, medan det meste var “løpende”.

Kommunestyret i Haram har aldri vedteke bygging av vindkraftverk på Haramsfjellet. Seinast i august 2019 gjorde kommunestyret enstemmig vedtak mot utbygging. Likevel godkjende OED konsesjonen i mars 2020 med ei rekke feil og manglar.

**Vedtaket om konsesjon for Vindkraftverk på Haramsøy er det største overgrepet mot eit lokalsamfunn i Norge i moderne tid.**

#### **PROSJEKTET MÅ STOPPAST UMIDDELBART**